



**Notat**

Dato: 11.12.2015  
Arkivsak: 2014/15006-5  
Saksbehandlar: fromann

---

**Til:** Kontrollutvalet

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## **Status handlingsplan etter forvaltningsrevisjon sjukefråvær**

Fylkesrådmannen har hatt ein ny gjennomgang av status for den handlingsplanen som tidlegare er lagt fram for kontrollutvalet, jf. sak RS 85/14.

Ved førre gjennomgang var 15 av 19 tiltak ferdig gjennomført, fire tiltak sto att, jf. gul markering i vedlagte handlingsplan med status pr. 11.12.15. Ytterlegare to tiltak er no sjekka ut, jf. nr. 3 og 7.

To tiltak er ikkje ferdig utført, jf. nr. 4 og 8.

Tiltak nr 4, oppfølging av sak om meir brukarvennlege fråværsrapportar, er delvis gjennomført ved at leverandøren er purra. HR-seksjonen har 11.12.15 fått svar fra leverandøren om at desse fråværsrapportane vil bli forbetra i ny versjon av personalportalen i juni 2016. Leverandøren seier seg lei for at dette har tatt tid, men viser samstundes til at det er gjort eit stort løft med forbetring av den datafangsten som ligg bak fråværsrapportane, mellom anna når det gjeld korrekt statistikk for tilsette som har fleire arbeidsforhold. Fylkesrådmannen legg til grunn at oppfølginga frå HFK har hatt effekt, og at forbetringane vil verte synlege i juni 2016.

Tiltak nr. 8, leiaropplæring i analysemodulen («HR Analyse»), er no klar for iverksetting etter at modulen er forbetra i 2015. HR-seksjonen har hatt ei pilotutprøving av modulen ved ein vidaregåande skule, med godt resultat. Ved planlegging av opplæringsaktivitetar i første kvartal 2016 vil ein finne plass til opplæring i analysemodulen. Mellom anna er eit rektormøte 11. mars aktuell arena for slik opplæring. Ein ser det som tilstrekkeleg at ein til to personar frå kvar eining i HFK får slik opplæring.

Fylkesrådmannen oppfattar det no slik at handlingsplanen etter forvaltningsrevisjon sjukefråvær er tilstrekkeleg følgd opp.

**Vedlegg:**

Handlingsplan vedr. forvaltningsrevisjon av sjukefråvær, med status pr. 11. desember 2015.